# Oppfølgingsliste 2/2014

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| 1/11 | Forvaltningsrevisjon 2011 – Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane fylkeskommune – handsaming av rapport | 8.2.11 | Innan utgangen av 2012<br><br>Ny oppfølging H-2013 | 8.2.2011: Sendt til FT<br>6.4.2011:Oppfølging av administrasjonen iflg. FT-vedtak innan 31.12.2011med rapport til KU.<br><br>12.2: Samtale med Jan Øhlckers<br>Etter det som kom fram i møtet med Øhlckers vil det først kome noko status frå dette prosjektet H-13. Følgjast opp vidare. |
| 4/13 | FR – Næringsretta tiltak – oppfølging etter brev motteke 201212 | 22.1 | Januar 2014 | 22.1: KU tok rapporten frå FRM til vitande. Utvalet vedtok vidare å be FRM orientere utvalet om resultata av oppfølginga primo 2014<br>**AVSLUTTA** |
| 5/13 | Vikarordning ved fråvær i sekretariatet | 22.1 | Mai 2013<br><br>H-13<br>V-14 | 22.1: KU vedtok intensjonsavtalen om utveksling av tenester med KU-sekretariatet i M&R fk gjeldande korttidsfråvær. Utvalet ba kontrollsjefen legge fram ei sak som gjeld vikarordning ved langtidsfråvær.<br><br>Denne saka vil bli lagt fram for utvalet H-13<br>Sak vert lagt fram januar 2014<br>**AVSLUTTA** |
| 14/13 | Selskapskontroll 2012 – Eigarskapskontroll Lutelandet utvikling AS-rapport | 2.4 | Oppfølging av FT-vedtak 1.1.2014 | 2.4<br>Handsaminga i KU enda med ei tilråding til FT i 4 punkt. FT handsama saka 16.4.2013 i FT-sak 2/13, og vedtok:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført eigarskapskontroll av Lutelandet utvikling til vitande<br>2. Fylkestinget vil som eigar oppmode selskapet om å gjennomføre tilrådingane frå revisor i kapittel 8 i rapporten.<br>3. Fylkestinget ber selskap og fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å orientere kontrollutvalet i fylkeskommunen når arbeidet med oppfølginga er gjennomført, seinast innan utgangen av 2013.<br>**AVSLUTTA (SJÅ SAK 3/14)** |
| 15/13 | FR – bygge og eigedomstenesta – oppfølging av FT-sak 23/08 | 2.4 | Utgangen av 2014 | Kontrollutvalet ber i vedtaket om ny rapport etter vurdering av omorganiseringa av vaktmeistertenesta innan utgangen av 2014. |
| 16/13 | Fr 2009 – Kompetanseprofil i fylkeskommunen – oppf. Av rapport 8.3.13 | 2.4 | 31.1.2014 | KU vedtok å be om ny rapport innan 31.1.2014. Denne saka dekker sak 9/11, og den kan avsluttast. Sjå sak 18.3.2014<br>**AVSLUTTA** |
| 23/13 | Forvaltningsrevisjon Energi og Miljø – oppfølging av rapport | 28.5 | Ny oppfølging innan utgangen av 2013 | KU tok rapporten frå fylkesrådmannen til etterretning. Utvalet ba om ny rapport når resterande oppfølgingspunkt er opfølgde, seinast innan utgangen av 2013. |
| 34/13 | Forvaltningsrevisjon Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar – handsaming av rapport | 27.8 | H-13 | Kontrollsjefen kom med endringsframlegg til pkt. 3 i vedtaket. KU vedtok tilrådinga med endringsframlegget. Rapporten vart sendt til fylkestingshandsaming i oktober |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | H-14 | 15.10.13<br>Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding, og tok dermed rapporten til etterretning. Samtidig vart fylkesrådmannen bedt om å gjennomføre tiltak som er kravd for at tilrådingane 1-8 og 10 og 11 vert gjennomførde og meldt tilbake til kontrollutvalet innan 1.10.14 |
| 37/13 | Forvaltningsrevisjon Innkjøp – handsaming av rapport | 24/9 | H-13<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Juni 2014 | 24:9 : KU vedtok følgjande:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til vitande.<br><br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 5 i rapporten, og rapportere status og eventuell vidare framdrift til kontrollutvalet innan utgangen av mai 2014.<br><br>15.10.13<br>Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding. |
| 45/13 | Eigarskapskontroll F1 Holding AS/Fjord1 AS | 26/11 | | Kontrollutvalet handsama saka og la fram tilråding til FT i tre punkt.<br>Fylkestinget handsama saka 10.12.13 og vedtok:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført eigarskapkontroll av F1 Holding AS/Fjord1 AS til etterretning<br>2. Fylkestinget ber F1 Holding AS gjennomføre tiltak for å etterkome tilrådingane som gjeld F1 Holding AS i rapporen frå SF revisjon IKS, og melde tilbake til kontrollutvalet når oppfølginga er utført.<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltak for å etterkome tilrådingane som gjeld Sogn og Fjordane fylkeskommune i rapporen frå SF revisjon IKS, og melde tilbake til kontrollutvalet når oppfølginga er utført.<br>4. Fylkeskommunen si eigarmelding gjev tilstrekkeleg signal om fylkestinget sine krav og forventningar til Fjord1 og F1 Holding AS. |
| 47/13 | Forvaltningsrevisjon Samhandling - prosjektplan | 26/11 | Januar 2014 | Kontrollutvalet vedtok å utsette saka.<br>**AVSLUTTA** |
| 53/13 | Skriv, meldingar og orienteringar 26.11.2013 | 26/11 | V-14 | 26/11 Protokoll i saka:<br>1. Revisjonsuttale om kompensasjonsoppgåve for meirverdiavgift 4. termin 2013 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 11.10.2013<br>*SF revisjon og økonomisjef orienterte om innhaldet i revisjonsuttalen. Uttalen og orienteringa vart tekne til vitande. Kontrollutvalet ba kontrollsjefen om å gjere vidare undersøkingar i saka og kome tilbake* |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | V-2014<br><br>V-2014 | *til kontrollutvalet med orientering.*<br><br>2. Mandat for offentleg utgreiing om ny kommunelov<br>*Mandatet vart teke til orientering. Utvalet ba kontrollsjefen om å invitere leiar i kommunelovutvalet til eit møte i kontrollutvalet 2014 for å informere om arbeidet og for å få innspel frå eit kontrollutval til det vidare arbeidet.*<br><br>3. Status kontrollutvalet «Halvgått periode» - eigenevaluering<br>*Det vart gjennomført evaluering. Kontrollsjef fekk i oppdrag å samanfatte evalueringa frå medlemmane*<br>**AVSLUTTA** |
| 1/14 | Forvaltningsrevisjon 2011 – Næringsretta tiltak – oppfølging 300114 | 30.1 | | KU-vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 15.12.2013 frå fylkesrådmannen til vitande.<br>2. Kontrollutvalet ser på forvaltningsrevisjonsprosjektet som ferdigstilt<br>**AVSLUTTA** |
| 2/14 | Forvaltningsrevisjon – Samhandling - prosjektplan | 30.1 | | KU-vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek prosjektplanen frå Deloitte datert 21.1.2014 til etterretning<br>2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon utgangen av juni 2014<br>**AVSLUTTA** |
| 3/14 | Oppfølging av eigarskapskontroll av Lutelandet Utvikling | 30.1 | | KU-vedtak<br>1. Kontrollutvalet tek oppfølginga frå Lutelandet utvikling til vitande<br>2. Kontrollutvalet ser på eigarskapskontrollen som avslutta.<br>**AVSLUTTA** |
| 4/14 | Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2014 | 30.1 | | KU-vedtak:<br>1. Bestillingsdokument for finansiell revisjon og selskapskontroll 2014 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, totalt kr. 1 561 500 vert godkjent og sendt til SF revisjon IKS<br>**AVSLUTTA** |
| 5/14 | Kontrollutvalet – Budsjett 2014 – Disponering av ramma | 30.1 | | KU-vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek disponering av budsjettramma 2014 til vitande.<br>**AVSLUTTA** |
| 6/14 | Vikarordning ved langtidsfråvær i sekretariatet | 30.1 | | KU-vedtak:<br>1. Ved midlertidig langtidsfråver av kontrollsjefen vil kontrollutvalet kjøpe tenesta i marknaden i samsvar med reglane om offentlege anskaffingar.<br>2. Ved permanent fråver av kontrollsjefen vil kontrollutvalet sørgje for å få stillinga lyst ut. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | **AVSLUTTA** |
| 7/14 | Årsplan for kontrollutvalet | 30.1 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek vedlagte årsplan for 2014 til vitande.<br>2. Kontrollsjefen får fullmakt til å endre årsplanen som følgje av at møte i fylkestinget 10. april går ut. |
| 8/14 | Oppfølgingsliste 1/2014 | 30.1 | | Vedtak:<br>1. Oppfølgingsliste 1/2014 vert teken til vitande<br>**AVSLUTTA** |
| 9/14 | Skriv, meldingar og orienteringar 30.1.2014 | 30.1 | | 30/1 Protokoll i saka:<br>1. Orientering om status internkontroll v/Assisterande fylkesrådmann<br>**AVSLUTTA**<br>2. Orientering om ny heimeside for fylkeskommunen v/Informasjonssjefen<br><br>*Informasjonen vart teken til vitande*<br>**AVSLUTTA**<br>3. Orientering om kostnadsauken (KOSTRA) som NRK Sogn og Fjordane hadde oppslag om 16.12.2013 v/Fylkesrådmannen<br><br>*Fylkesrådmannen orienterte om situasjonen rundt kostnadsauken som hadde kome fram i KOSTRA, og som NRK Sogn og Fjordane hadde teke fatt i. Fylkesrådmannen meinte at det mellom anna i samband med nytt rekneskapssystem hadde blitt lagt inn feil i KOSTRA, slik at administrasjonskostnadane hadde vorte for høge. Feila som er gjort ved innlegging av 2012-rekneskapen skal vere avdekka. Det er gjort endringar i høve til kva som vert lagt inn i KOSTRA for 2013-rekneskapen, slik at tala for 2013 skal verte rett innlagde.*<br>**AVSLUTTA**<br>4. Orientering om status finansiell revisjon v/SF Revisjon IKS<br><br>*SF revisjon IKS kom varsla i si orientering at interimrevisjonen, som har frist 1.2.2014 er litt forseinka på grunn av sjukdom. Årsoppgjersrevisjonen har ein frist på 15.4, og dette er avhengig av at rekneskapen vert avgitt til rett tid, som er 15.2.* |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | **AVSLUTTA**<br>*SF revisjon og kontrollsjefen orienterte om status for problematikken for momskompensasjonsmidlane på kr. 14 919 373, som Skatteetaten varsla etterrekning av i brev datert 22.11.2013. Skatt Vest har i brev datert 22.1.2014 vedteke å etterrekne avgift for midlane. Fylkeskommunen vil gjennomføre ei vurdering på kva som skal skje vidare i saka. Kontrollutvalet skal bli haldne orienterte om vidare framdrift i saka.*<br><br>5. Orientering om status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS<br>a. Tryggleik og beredskap<br><br>*Prosjektet er no til verifisering hjå fylkeskommunen. Rapporten vil bli sendt til høyring i løpet av kort tid, og Deloitte sa i si orientering at rapporten skal vere ferdig innan utgangen av februar.*<br>**AVSLUTTA**<br>6. Godtgjersle til folkevalde – endring frå 01.01.2014<br><br>*Skrivet er teke til orientering.*<br>**AVSLUTTA**<br>7. Rullering av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll – Risikokartleggingsprosess v/Deloitte AS<br><br>*Deloitte gjennomførde risikospel i kontrollutvalet for å få på plass vurderingar frå utvalsmedlemmane og prioritering av prosjekt i den rullerte planen for forvaltningsrevisjon og den rullerte planen for selskapskontroll. Deloitte vil ha kontakt med kontrollsjefen med tanke på ferdigdato, slik at utvalet kan få planane til handsaming i neste møte.*<br>**AVSLUTTA**<br>8. Orientering frå utvalsleiar og kontrollsjef<br><br>*Kontrollsjefen orienterte om førebels rekneskap 2013 for kontrollutvalet, som viser at forbruket er innanfor tildelte rammer. Det vart også informert om oppslag i Firda datert 9.12.2013 om vasslekasjer som har vore i Trivselshagen. Orienteringane vart teken til vitande.* |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | **AVSLUTTA** |
| | | | | |

Oppdatert 21.2.2014